



STADANALYSE

Strandstaden Sunde
Kvinnherad kommune



Asplan Viak Bergen AS
September 2004

RAPPORT

Prosjekt: Stadanalyse for Sunde i Kvinnherad kommune

Tittel: Stadanalyse rapport

Fagområde: Arkitektur / landskapsarkitektur

Oppdragsgivar: Kvinnherad kommune, plan, arealbruk og beredskap
5470 Rosendal
Tlf. 53 48 31 00- Faks 53 48 32 50

Ref. oppdragsgivar: Tormod Fossheim

Utarbeidet av: Asplan Viak Bergen a.s
Pb. 2304 Solheimsviken, 5824 Bergen
Tlf.: 55 59 67 00 - Faks: 55 59 67 50
E-post: bergen@asplanviak.no
Internett: www.asplanviak.no

Oppdragsansvarlig: Torhild Wiklund

Saksbehandlarar: Øyvind Dalen, medarbeidar GIS
Henning Johnsen, medarbeidar trafikk
Margit Opsahl, medarbeidar landskap

Revisjon nr: C

Sidekontrollert av: Trude Langedal

Prosjektnr.: 301312

Heftenr.: 0112

Lagra ra301312_01_Rev.c.doc

Sist lagra: 16.09.2004

Sist lagra av: Torhild Wiklund


FORORD

Asplan Viak Bergen AS har fått i oppdrag å utarbeida stadanalyse for Sunde i Kvinnherad kommune. Formålet med stadanalysen er å synleggjera kvaliteten i staden i dag og gje retningslinjer for vidare utvikling.

Analysen tek utgangspunkt i Sunde som strandstad og ideane knytt til utvikling av eit kystkultursenter på Sunde.

Frå Kvinnherad kommune har det vore aktiv deltaking frå:

Tormod Fosshem som prosjektleiar
Sissel Årseth fagkoordinator kultur
Anbjørn Høivik
Arne Handegard



INNHALD

| | | | | |
|---|-----------|------------|--|-----------|
| FORORD | 3 | 5 | BEHOV OG INTERESSEMOTSETNADER | 25 |
| INNHALD | 4 | 5.1 | TRAFIKK | 25 |
| 1 INNLEIING | 5 | 5.1.1 | <i>Overordna vegsystem</i> | 25 |
| 1.1 MÅLSETTINGA MED STADANALYSEN | 5 | 5.1.2 | <i>Kommunale vegar</i> | 26 |
| 1.2 METODE..... | 6 | 5.1.3 | <i>Private vegar</i> | 26 |
| 1.3 GJENNOMFØRING AV STADANALYSEN..... | 6 | 5.2 | BRUK AV STRANDSONA | 27 |
| 2 SKILDRING AV SUNDE FRÅ BYGD TIL INDUSTRISTAD | 7 | 5.3 | BEVARING AV KULTURMILJØ OG KULTURMINNER | 28 |
| 2.1 UTVIKLINGA AV SUNDE | 7 | 5.4 | KYSTKULTURSENTER, STRANDSTAD | 29 |
| 2.2 FISKE..... | 7 | 5.5 | NÆRINGSUTVIKLING, TURISME | 30 |
| 2.3 HANDEL OG INDUSTRI | 7 | 6 | VEGEN VIDARE | 31 |
| 3 SUNDE I TEMAKART | 8 | 6.1 | KVA ME VEIT OM FRAMTIDA | 31 |
| 3.1 GRØNSTRUKTUR | 8 | 6.2 | FJORDLANDSBYEN | 31 |
| 3.2 FUNKSJON/BYGNINGSSTRUKTUR..... | 9 | 6.3 | UTVIKLINGSSTRATEGIER | 32 |
| 3.3 EIGEDOMSTRUKTUR | 10 | 6.3.1 | <i>Fritt fram</i> | 32 |
| 3.4 UTBYGGING I STRANDSONA | 11 | 6.3.2 | <i>Me let fortida bestemta</i> | 32 |
| 3.5 EKSISTERANDE AREALBRUK..... | 12 | 6.3.3 | <i>Strandstad for alle til alle tide</i> | 32 |
| 3.6 PLANLAGT AREALBRUK | 13 | 7 | TILRÅING | 33 |
| 3.7 LANDSKAP | 14 | 7.1 | VIDARE PLANLEGGING | 33 |
| 3.8 EKSPONERTE OG SÅRBARE OMRÅDE | 16 | 7.2 | UTVIKLINGSPRINSIPP | 34 |
| 3.9 BYGGESKIKK | 17 | 7.2.1 | <i>Tettstaden</i> | 34 |
| 3.10 KULTURMILJØ | 18 | 7.2.2 | <i>Strandsona</i> | 35 |
| 4 BILETE FRÅ SUNDE | 19 | 7.2.3 | <i>Grøntstruktur</i> | 35 |
| 4.1 STRANDSTADEN..... | 19 | 7.2.4 | <i>Veg og parkering</i> | 35 |
| 4.2 INDUSTRIHISTORE..... | 20 | 7.3 | FRAMLEGG TIL RETNINGSLINER | 36 |
| 4.3 Naustemiljø..... | 21 | 7.4 | OPPSUMMERING | 36 |
| 4.4 LANDSKAP MØTER SJØEN | 22 | | | |
| 4.5 SIKT..... | 23 | | | |
| 4.6 VEG OG PARKERING | 24 | | | |


1 INNLEIING

1.1 MÅLSETTINGA MED STADANALYSEN

Målsettinga for arbeidet med stadanalysen er å gje eit godt grunnlag for vidare utvikling av strandstaden Sunde. Det er særleg med tanke på vidareføring av planane om kystkultursenter at kommunen har funne det formålsteneleg å utarbeida ein stadanalyse for Sunde. Stadanalysen skal nyttast i seinare arbeid med reguleringsplanar og kommuneplanarbeid. Stadanalysen skal og kunne nyttast som rettleiar i handsaming av einskildsaker som byggje- og delesaker.

Stadanalysen tek utgangspunkt i Sunde som strandstad og arbeidet med å utvikla eit kystkultursenter i Sunde. Me vel å fokusere på at heile Sunde skal verte ein del av kystkultursenteret og at det skal gje eit bilde av heile strandstaden.

I fylkesdelplan for Sunnhordland som er under utarbeiding vert omgrepet Fjordlandsby lansert som strategi for utvikling av tettstadene i regionen. Dette omgrepet vert drøfta i samband med tilråding av strategi for vidare utvikling av staden. Kjernen i tilrådinga er knytt til dei grep som bør takast for å gje rom for vekst og samstundes ta vare på småskala-tettstaden som karakteriserar Sunde.



1.2 METODE

”Stadanalyse er ei systematisering av kunnskap for å forstå stadens historie, situasjon og framtidsmoglegheiter”.

Ein stadanalyse skal gje svar på kva for ressursar som finst i det fysiske miljøet på staden, kva for verdiar som er knytte til dei, og korleis dei vert brukt og forvalta i dag. Analysen skal dokumentere sterke og svake sider ved staden, og gje grunnlag for å sjå stadens potensiale i framtida for å kunne formulere mål for bevaring og utvikling.

Stadanalysen er i hovudsak avgrensa til areala langs sjøen og framlegg til prinsipp og retningslinjer for utvikling av staden er i stor grad knytt til desse areala. Temakarta har likevel utsnitt som inkluderer omkringliggjande område.

Analysen har ei praktisk tilnærming med kartlegging av kjende problemstillingar. Kvinnherad kommune hadde sjølv avgrensa nokre aktuelle tema innleiingsvis:

Kultur- og landskapsbruk og –vern
Fritidshus/bustadhus
Næringsutvikling
Sentrumsutvikling
Trafikksikring
Strandsoneproblematikk

Desse problemstillingane er vurdert opp mot tilgjengeleg informasjon i kartdata og eksisterande kommunedelsplan og reguleringsplanar, samt innspel frå kommunen og innbyggjarar på staden.

Første del av stadanalysen er ein gjennomgang av kjend kunnskap om staden basert på desse kjeldene.

Det er teke med eit kapittel med bildemateriale som viser til temaene som er med i analysen.

Sjølv analysedelen er ei systematisering av kunnskap om staden med fokus på dei problemstillingane analysen skal søke å gje svar på.

Til slutt er det vist tre moglege scenario på vidare utvikling av staden basert på meir eller mindre offentleg styring.

1.3 GJENNOMFØRING AV STADANALYSEN

Arbeidet med stadanalysa vart varsla i midten av april 2004. Arbeidet vart annonsert i Grenda og Kvinnherdingen. Grunneigarar vart skrivne til direkte. Konsulenten mottok om lag 20 merknader og ei rekkje telefonar i samband med varslinga. 12. mai 2004 vart det arrangert folkemøte på Sunde skule med representantar frå Kvinnherad kommune og konsulenten tilstades.

På folkemøtet presenterte konsulenten målsettinga med analysearbeidet og det vart ein god diskusjon omkring dei tankar innbyggjarane har om kva som må gjerast for å skapa utvikling i Sunde, kva for kvalitetar staden har i dag og verdien av det historiske kulturmiljøet på staden.

Den siste fasen av analysearbeidet er eit fagleg arbeid. Kvinnherad kommune har vært rådgjevar, men har i liten grad styrt gjennomføringa og konklusjonane som er gjort i stadanalysen.

Dei innkomne merknadene er i liten grad kommentert direkte i rapporten, men ligg til grunn for vurdering av kor det er utbyggingsinteresser og kva tilrådingar det er behov for.

2 SKILDING AV SUNDE FRÅ BYGD TIL INDUSTRISTAD

2.1 UTVIKLINGA AV SUNDE

Kvinnherad kommune er den 5. største kommunen i Hordaland. Totalt areal er på 1.137,2 km og innbyggjartalet er 13.200. Største tettstaden er Husnes, med omlag 6.000 menneske som bur i eller nær tettstaden. Sunde ligg 5 km sør for Husnes.

I Sunnhordland er dei eldste tettstadene (Frå kulturhistorisk vegbok):

1875 Leirvik:

1910: Espevær, Litlabø og Sunde

1930. Skånevik og Førde

1946: Ølensjøen, Rubbestadneset og Etnesjøen

Sunde var frå gammalt av ei lita jordbruksbygd med nokre få bruk. I tida frå 1866 til 1913 vaks den folkerike fiskeribygda Sunde fram til å bli den nest største tettstaden i Sunnhordland, etter Leirvik på Stord. Sunde var den einaste tettstaden i Kvinnherad fram til 1960.

Det var handelsstaden og industristaden Sunde som la grunnlaget for denne veksten. I dag er det berre eit lakseslakteri som minner om hermetikkperioden som var så viktig for veksten av Sunde.

Sunde har i dag eit maritimt miljø med eit båtbyggeri der trebåt-byggetradisjonar framleis lever. Dei mange nausta og sjøbuene vitnar om solide tradisjonar for kystliv og fiske. Den gode båtthamna er ein naturleg stoppestad for båtturistar. Det er båt og ferjesamband til Halsnøy

og Stord og snøggbåtsamband til Bergen, Haugesund og Stavanger.

Nokre nøkkeltal for utviklinga av Sunde som tettstad:

1801 Ved folketeljinga vart 30 personar registrert på Sunde (33 på Opsanger, 40 på Bjelland, 36 på Kaldestad og 18 på Våge)

1802 Vårsilda kom attende etter å ha vore borte i 24 år

1831 Jordskifte på Sunde gard, 4 tun vart utskifta

1840-talet Tilflyttinga til Sunde tek til frå nabobygder og nabokommunar. Nokre overtok gardsbruk og vart sjøveigarar, men det var stor auke i talet på husmenn

1850-tallet Jaktbygginga aukar. Jaktene vart ofte bygd der han som hadde tinga båten budde. Verver på Opsanger, Sunde, Våge, i Røyrvikjø, på Røssland og i Underheimsvågen og på Husnes

1856 Fyrste handelsløyve i Sunde

1866 Hektor Thorsen tok til med hermetikk

1870 Vårsilda vart borte att

1871 Vegen frå Kaldestad til Sunde vart bygd

1874 Ny kyrkje på Underheim

1892 Dampskipskai og postopneri

1895 Nytt skulebygg vart reist

1907 Dei 2 fyrste kraftverka i Sunnhordland vart bygd på Opsanger

1907 Vart starta sildeolje og sildemjøl fabrikk på Bjellandsida av sundet.

1919 Nytt skulebygg på same staden, dette bygget er i bruk som verkstad i dag

1963 Dagens skulebygg vart reist

1988 Hermetikkindustrien innstilt.

Sunde er ikkje lenger ein industri- og handelsstad av betyng. Sunde er likevel ein viktig strandstad i dag, med aktive verksemder i strandsona som har tilknytning både til sjø og land.

2.2 FISKE

Bøndene på Sunde var som bøndene ellers langs kysten også aktive fiskarar. Nokre hadde eigne båtar medan andre var mannskap.

Midt på 1800-tallet tek sildespekulasjonen til. Sunnhordlendingar kjøpte opp sild og anna fisk i Trøndelag, Nordland og Troms, salta og førde lasta sørover der dei selde ho til kjøpmenn i byane. Dei var og kalt "Nordlandsskipparar".

2.3 HANDEL OG INDUSTRI

Handel og handverklovane vart liberalisert på 1840-tallet. Hektor og Helga Thorsen flytta til Sunde i 1851 og tok som dei fyrste til med landhandel. Dei tok til med hermetikk i 1866. Utover 1800 talet vaks det fram fleire butikkar og bakeri.

Gravdal skipsbyggjeri flytta til Opsanger og var rundt 1910 det største skipsbyggjeriet i Hordaland. Det var særlig kjend for havfiskebåtar og Ishavsskuter.

Interessa for brisling auka i andre halvdel av 1800-tallet. Hermetikkproduksjonen var nybrottsarbeid. Det vart starta 2 hermetikkfabrikkar og på slutten av 1800-tallet vart over 100 personar sysselsett i høgsesongen. Det var denne verksemda som gjorde Sunde til den største tettstaden i Sunnhordland.

3 SUNDE I TEMAKART

3.1 GRØNSTRUKTUR

Status i gjeldande planar

Dei grøne områda som er sikra gjennom kommunedelplan og reguleringsplanar er hovudsakleg avgrensa areal i eksisterande bustadområde. Areal kring dei utbygde områda og store delar av den ikkje-utbygde sjølina ligg som LNF-område.

Det nye store planlagde bustadområdet i kommunedelplanen ligg i forlenginga av eksisterande bustadområde mot Sundemarka.


Kommunedelplanen gjev ingen føringar om korridorar som skal binde dei grøne områda saman. Med unntak av friområde på Fureneset og i Skreddarvika er det heller ikkje sett av område langs sjølina som sikrar offentleg tilgjenge til sjøen.

Eksisterande situasjon

Turvegane som er i bruk i og kring Sunde er i stor grad køyreveggar med blanda funksjon, ofte utan fortau. Dei som går langs vegane kjenner seg utrygge på grunn av trafikken, og trygge turveggar vert i dag sakna av innbyggjarane, spesielt i dei sentrale områda og langs sjøen.

Utanom køyrevegane er fleire stiar i Sundemarka i bruk som turveggar. Stiane går frå bustadområda, nordover mot "åsen" og ned mot Sundsvågen.

Strandlina langs Sundsvågen er lite brukt til bading og rekreasjon utover aktivitetar som er knytt til båtliv og fiske. Dette skuldast truleg ein kombinasjon av faktorar som dårleg vasskvalitet, og mangel på tilrettelegging langs sjøen.




3.2 FUNKSJON/BYGNINGSSTRUKTUR

Det har vore stor bustadutbygging på 1900-talet, og Sunde står i dag fram som eit bustadområde med i hovudsak einebustader. I sentrum finn ein nokre forretningsbygg og industribygg, som i dag vert nytta til lakseslakteri.

Det er ikkje tradisjon for store samanhengande bygningstrukturer i Sunde. Nausta og sjøbuene har i stor grad vert einskildbygg med hopar mellom desse. Industribygget er det einaste større, samanhengande bygget. "Håkonshallen" er eit stort einskildbygg, men er likevel godt tilpassa dei omkringliggjande bygga i dimensjon.


Frå gamal tid var det nokre bustader ved sjøen sentralt i Sunde. Dette var kombinerte nærings- og bustadbygg, til dømes handels- og bakeriverksemnder. Det vart og bygd nokre arbeiderbustader i strandsona. Naust innreia for overnatting var det ikkje i området. Dette er ein tradisjon som høyrer til langs kysten der fjordbøndene låg på fiske delar av vinteren.



3.3 EIGEDOMSTRUKTUR

Framstillinga viser eigedomsoppdelinga i Sunde. Storleiken og samansetninga av eigedommane visar kor det har skjedd spreidd utbygging i form av frådelling frå gardseigedom og kor det har skjedd ei meir omfattande og konsentrert feltutbygging / områdeutvikling.

Framstillinga seier ingen ting om kor styrt denne utviklinga har vore. Fråskilte eigedomar som ikkje er utbygd er vist særskilt. Dette gjev eit bilete av kor det ligg til rette for vidare utbygging.



3.4 UTBYGGING I STRANDSONA

Terreng

Delar av strandsona kring Sundsvågen og Opsangervågen er i dag lite tilgjengeleg på grunn av bratt terreng eller tett vegetasjon. Terreng i den delen av strandsona som er meir eller mindre utbygd har slakare helling, og bygg og anlegg ligg generelt lett i terreng.

Privat - offentleg

Mellom bygningane langs den utbygde delen av sjølina er det gløtt ned mot sjøen, og i mange tilfelle er det mogeleg å gå ut på bryggekannten, sjølv om grunnen er privat.

Kartet syner kva for område som er potensielt tilgjengelege med omsyn til terreng innafor 100-meters beltet. Vegetasjon er ikkje vektlagt her. Kartet syner vidare "privatiserte" soner kring eksisterande bygg. Følgjande kriteria er nytta for markering av privatiserte soner kring bygg:


Bustader: 8m radius

Private naust: 1,5m radius

Næringsbygg: 2,5m radius.


Andre bygg, uthus etc: 0,5m radius

Kartet synar at strandsona i Sunde per i dag ikkje er privatisert i særleg stor grad i form av bustader.




3.5 EKSISTERANDE AREALBRUK

Kartet syner eksisterande arealbruk basert på den bruken som er registrert på dei einkilde bygga.



3.6 PLANLAGT AREALBRUK

Kartet syner framtidig endringar i arealbruk basert på det potensiale som ligg inne i vedtekne reguleringsplanar og kommunedelplanen.



3.7 LANDSKAP

Landskapet omfattar her både det naturgjevne og det menneskeskapte landskapet.

Landskapsrom og silhouetteline

Det store landskapsrommet er avgrensa av fjerntliggande åsrygger og fjell. I mindre skala er rommet avgrensa av silhouettlina som vert danna av åsane i Sundemarka i aust, bak Troåsen i nord og på Vågesida i vest. Underordna landskapsrom vert danna av sjølina og bakkane langs Sundsvågen.

Området kring sundet på sørsida av brua skil seg ut. Her er det ikkje først og fremst terreng og vegetasjon, men bygningane på kvar side av sundet som skaper veggane i rommet.


Silhouettelina er i stor grad skogledd. Berre bustadområda opp mot Sundemarka og på Stølshaugen bryt med den naturlege silhouetten.

Landskapskarakter

I Sunde kan landskapet delast i fire karakteristiske delar:

Det bygde landskapet

Det bygde landskapet er sentrert kring sundet og dei låge åsane på Bjellandsida og Sundesida, med forgreiningar på austsida av Sundsvågen og på nordsida av Opsangervågen.



Kultur-og naturlandskapet

Det tradisjonelle kulturlandskapet, med innslag av lauvskog, er enno relativt intakt på Vågesida og kring dei indre delane av Sundsvågen

Skogslandskapet

Skogslandskapet omfattar dei hovudsakeleg barskogkledde åsryggane som omgjev Sunde i aust, vest og nord.

Sjøen og sjølina

Sjøen og sjølina er det viktigaste naturelementet i staden Sunde.

Siktliner

Viktige siktliner er markert på kartet. Det er sikten mot sjøen som er viktigast i Sunde. Sikten over sundet mot Fureneset er spesielt viktig når ein kjem til Sunde frå aust. Det er og viktig at hovudgata frå brua mot Nesjaneset har fri sikt sørover mot fjorden. Dei små gløtta av sjø mellom husa er og eit viktig karaktertrekk.

Visuelle landemerke

Enkelte element skil seg ut visuelt og fungerer som viktige karaktarskapande element. I Sunde er det særleg desse enkeltelementa som er viktige for staden sin karakter:

- Dei ytste nesa som definerar "sundet", Nesjaneset og Fureneset
- Brua som bind saman Bjelland-sida og Sundesida av sundet
- Fabrikk og fabrikkpipa

Dei viktigaste elementa er alle sentrert kring sundet og det historiske sentrum. Nesjaneset er i dag eit opent område som er aktuelt for utbygging.

Utforminga av dette området vert særleg viktig på grunn av den sentrale plasseringa.

Karakteristiske trekk

Særskild karakteristisk for landskapet og staden Sunde generelt er:

- Ei buktande sjøline som formar vågar, nes og sund
- Rommet som definerast av den tette historiske bygnaden på både sider av sundet
- Smale vegar og småskala bygnad
- Vågen med fiskebåtar liggande til kai


3.8 EKSPONERTE OG SÅRBARE OMRÅDE

Generelt vil inngrep / utbygging i naturområde føra til større endringar i landskapsbiletet enn bygging i område som alt er delvis utbygd. Områda som ligg innanfor "det bygde landskapet" er såleis mindre sårbare for inngrep enn dei områda som høyrer til kultur/natur eller skogslandskapet.

Sunde ligg i eit landskap med låge åsryggar som skrår ned mot sjøen. Dei fleste areala er difor synlege frå motstående side av vatnet. Det gjeld spesielt områda som danner silhouettelina som går langs toppen av åsryggane kring Sunde. Store inngrep i terreng og vegetasjon i det skrånande terrenget, og spesielt inngrep som bryt den naturlege silhouettelina, vil verte synleg over store områder, og vil kunne vere med og endre landskapet sin karakter.

Overgangen mellom sjø og land er viktig for Sunde. Bygg langs strandkanten er eksponerte og utforminga av bygg og anlegg langs sjøen kan få store konsekvensar for staden Sunde sin karakter. Den naturlege delen av strandlina er markert som meir sårbar for inngrep enn dei delane som alt er delvis utbygde.

Nesa langs strandlina er eksponerte mot fleire sider, og er difor spesielt sårbare for skjemmaende inngrep. Dersom ein vel å bygge ut her er det særskilt viktig at ein tek omsyn til verknaden mot omgjevnaden på nært og fjernt hald.



3.9 BYGGESKIKK

Det er ikkje funne fornminne i Sunde. Det vil seie kulturminne som er eldre enn reformasjonen i 1537 og dermed automatisk freda. Den eldste bygningen som vart registrert under SEFRAK registreringa i 1981 var eit naust på Vaage frå 1700 talet. Dette er no reve. Ved skipsbyggeriet på Opsanger vart det registrert ei grindeløe som ein trur opphavleg stod på Halsnøy kloster og var datert frå mellomalderen. Denne er no teken ned, men tømmeret skal vera teken vare på.

Dei eldre bygningane på Sunde er i hovudsak knytt til landbruk og sjø. Det er tradisjonelle bustadhus for området, løer, eldhus og naust. I sentrum er nokre større sjøhus tekne vare på. Desse har vore brukt til næringsverksemd. Fabrikbygningar av eldre dato er det ikkje att på staden. Hermetikkindustrien var i vekst til langt ut på 1900-talet og dei eldste bygningane i tre vart difor erstatta av murbygningar. Skulebygget frå 1919 er no verkstad. Saman med lærarbustaden ligg det eit stykke nord for tettstaden

Det er ikkje fyrst og fremst dei einkilde bygningane som er viktige i Sunde, men det bygningsmiljøet og kulturmiljøet dei er ein del av. Det er likevel nokre einskild bygd som må nemnast. Dette er mellom anna steinnaustet på Troåsen, kraftverket og "Håkonshallen".

Omgrepet "kulturminne" omfattar alle spor etter menneskeleg verksemd i det fysiske miljøet, mellom anna lokalitetar som det knytte seg historiske hendingar, tru eller tradisjon til. "Kulturmiljø" er område der kulturminne inngår som del av ein større heilskap eller samanheng.




3.10 KULTURMILJØ

Sunde har to særprega kulturmiljø. Desse er knytt til jordbruk og strandstaden. Frå gamal tid har bruka på gardane vore plassert i klyngetun. Frå jordskifte i 1831 og utover vart bygningane flytta ut i einskilde tun. Desse tuna finn ein att i Sunde i dag. Nokre er ein del av dei nyare bustadfelta, medan andre framleis er i drift. Innafor analyseområdet er det særskild Vaage og Troåsen som står att som heile gardsmiljø i eit intakt kulturlandskap.

I kommunedelplanen er sjølve tettstaden samt området rundt kraftverket markert som viktige kulturmiljø. Vegstrukturen er og ein del av dette kulturmiljøet. I Sunde er det framleis dei eldre vegane langs sjøen som er hovudfartsårer.

Strandstaden Sunde kan delast i 3 karakteristiske område. Sentralt i Sunde frå Nesjaneset og forbi brua finn ein ei gate med bygningar både mot sjø og landsida. Her er det og ein tett kontakt til bygningsmiljøet på andre sida av sundet. Bygningane er eller har i hovudsak vore knytt til handel og industri. Dette er kjernen i strandstaden.

Frå Opsanger og til Nesjaneset er det gjennom tida bygd ut naust og sjøhus mot sjøen. Det er og nokre bygg på landsida, men det er lite kontakt over vegen, og nausta vender seg mot sjøen. Dette er og ein viktig del av strandstaden Sunde. På austsida av Sundsvågen er det einskilde naust med spor av nokre tettare naustemiljø. Nord og vest i Sundsvågen går kulturlandskapet/jordbrukslandskapet ned til sjøen og desse områda er ikkje ein del av, men ei viktig ramme om tettstaden.



4 BILETE FRÅ SUNDE

4.1 STRANDSTADEN



4.2 INDUSTRIHISTORE



4.3 NAUSTEMILJØ



4.4 LANDSKAP MØTER SJØEN



4.5 SIKT



4.6 VEG OG PARKERING



5 BEHOV OG INTERESSEMOTSETNADER

5.1 TRAFIKK

Analyseområde omfattar offentlege og private vegar. Dei private vegane er knytta mot kommunal veg som igjen er tilknytte fylkesvegen som ligg langs fjorden.

Fylkesvegen følgjer den gamle vegtraseen frå 1800-tallet og knytter tettstaden til Opsanger i øst, Bjelland og Våge i vest og Kaldestad i nord.

5.1.1 Overordna vegsystem


Fylkesvegen fungerer som tilkomstveg mot riksveg i øst og som transportveg mot Kaldestad og Husnes i nord.

Området har dårleg vegstandard og på fleire parti vert vegbreidda så smal at ein får konflikt mellom større køyretøy og busetnad langs veg. Dette gjeld spesielt vegstrekke forbi Sunde kor ein og har dårleg kurvatur som gir lite kapasitet på vegen.

Trafikktryggleik

Det er registrert 2 ulykker langs strekket i perioden 1995 -2003. Dette indikerar at strekket ikkje har noko problem knytt til trafikktryggleik. Vegane i området kan derimot virke utrygge for trafikantane grunna smal veg og dårleg sikt.

Desse forholda kan og være ei årsak til få ulykker då trafikantane vert særleg merksam på strekket og har låg fart.



Sidan bygningane ligg tett på vegbanen har ein lite mogeligheit til å gjere utbetrande tiltak med omsyn til vegstandard og siktforhold. Ein løysing kan vera at ein etablerar fartsdemperande tiltak med møteplassar og eige areal for fotgjengarar.

Gang- og sykkelveg

Det er på mindre delstrekke etablert fortau langs fylkesvegen, men det manglar eit gjennomgåande transportsystem for mjuke trafikantar.

Ein kan nytte kommunale vegar, men desse ligg i bratt terreng og vert ikkje eit naturleg transportval for gjennomgåande trafikk.

Ein bør leggja til rette for eit gjennomgåande gang- og sykkelvegssystem mot riksvegen og mot Kaldestad. Mot Kaldestad avgrensar problemet seg til strekke forbi tettstaden, men ein bør vurdere behov for fortau ved etablering av bustader langs dette strekke.

Parkering

Ein bør ikkje tillate parkering langs fylkesvegen grunna siktforhold og vegbredde. Parkering langs vegen gir avgrensingar på sikt og kapasiteten vegen har og ein bør vurdere parkeringsregulerande skilting på dei strekka der ein har størst problem med å komma fram. Nye parkeringsplassar bør etablerast inne på eige område og med eigen klart definert avkjørsle.

5.1.2 Kommunale vegar

Mot Kaldestad og Røssland ligg det i tillegg til fylkesvegen ein kommunal veg med låg standard. Denne inngår ikkje i analyseområde og vert heller ikkje djupare omtale i analysen. Ved ein eventuell opprusting av vegnettet mot Kaldestad bør denne vegen vurderast som eit alternativ.

Det kommunale vegnettet i område er etablert som tilkomstveg til bustadområde og til skulen.

Trafikksikring

Vegstandarden på store delar av det kommunale vegsystemet er tilfredstillande. Mindre delstrekke har låg standard og tilkomsten til fylkesvegen ved samvirkelaget er dårleg med omsyn på sikt.

Gang- og sykkelveg

Store delar av dette vegnettet er etablert med fortau og gir eit tilfredstillande tilbod til mjuke trafikantar. Det manglar eit lite stykke med gangs-/sykkelveg/fortau slik at ein får ein eigen gjennomgåande trase over Treshaugen for denne trafikantgruppa.

Då strekke som ikkje har eige forgjengarareal er svært kort, og det truleg ikkje er mykje trafikk på strekke vil ikkje dette være eit stor problem.

Parkering

Parkering langs dei kommunale vegane kan tillast, men ein bør vurdere siktforhold, vegbredde og omsyn til mjuke trafikantar på dei enkelte delstrekka.

5.1.3 Private vegar.

Ein bør leggje til rette for og ta omsyn til siktforhold ved utbetring og etablering av nye tilkomststar.

Private avkjørsler til fylkesvegen bør ein unngå og ein bør sanere eksisterande tilkomststar der dette er mogleg.

5.2 BRUK AV STRANDSONA

Det er i strandsona at kryssande interesser for framtidig utvikling syner seg sterkest. Å sikt vil det truleg vere interesse for utbygging langs heile strandsona. Det er viktig å ha ein klar tanke om korleis ein ynskjer at strandsona skal utvikle seg.

Strandsona er attraktiv og viktig på mange vis:

- Attraktiv for utbygging
- Attraktiv for rekreasjon (båtliv, turgåing, fiske, bading, opphald)
- Overgangen mellom sjø og land er viktig for landskapsbiletet og staden sin identitet

Naturleg – utbygd strandsona


Utbygging i dei delane av strandsona som i dag høyrer til natur / kultur- eller skogslandskapet vil få større konsekvensar for landskapsbiletet enn ei foretting i den delvis utbygde delen av strandsona.

Inngrep i terreng og vegetasjon

Delar av areala som ligg ned til sjøen er bratte. Bygging her vil innebere store inngrep i terreng og vegetasjon, ikkje minst fordi moderne bygg som regel krev både veg og parkering i samband med huset. Bygging i dei brattaste områda vil såleis kunne få uheldige konsekvensar for landskapsbiletet og det generelle inntrykket av Sunde som ein stad der vegar og bygg ligg godt i terrenget, med små terrenginngrep.

Offentlege rom mot sjøen

Med unntak av den gamle kaia har Sunde i dag ikkje eit offentleg rom som ligg ut mot fjorden. Det finst heller ikkje ein offentleg strandpromenade eller turveg som går langsmed vatnet. Mange av innbyggjarane saknar dette.




5.3 BEVARING AV KULTURMILJØ OG KULTURMINNER

Det er naudsynt å sjå på alle eldre bygningar og kulturmiljø med tanke på bevaring. Ikkje fordi alle gamle bygg og anlegg skal vernast, men fordi ein må avgjera kva som er av særleg betyning. Dette må sjåast i samanheng med utviklinga av Sunde fram til i dag og dei strategiar ein vel for vidare utvikling av staden. Nokre bygg er viktige i seg sjølve på grunn av alder eller fordi dei skil seg ut. Andre bygg er del av eit kulturmiljø som representerer ein del av stadens historie og framleis gjev eit godt bilete av denne.

Sentrum i Sunde skil seg ut fordi ein her har den opphavlege bygningsstrukturen med ei enkel gate og næringsbygg frå ulike epokar. Strandsona på Bjellandsida høyrer og med i dette kulturmiljøet.

Dei eldte nausta utgjer, til tross for at dei er delt av brua, ein heilskap som er særleg verdifull. Eit kvart inngrep i desse bygningane må vurderast særleg nøye.




5.4 KYSTKULTURSENTER, STRANDSTAD

Det har i mange år vore planar om å utvikla eit kystkultursenter på Sunde. Ein stifting vart skipa i 2003 og dei har utvikla planar for innhald og lokalisering av verksemda. Kystkultursenteret har overteke ein del gjenstandar og eit eldre kontorbygg frå eit båtbyggjeri på Opsanger. Kystkultursenteret har ynskje om å ta i bruk fleire lokalitetar på Sunde. :

Skreddarvika: naust til Kvinnherad Kystlag, samt hovedbygget til Sunde Kystkultursenter. På heile tomta fram til Fiskesteinen ynskjer dei å byggja kai. *Håkonshallen:* Kystkultursenteret ynskjer at denne bygningen i framtida vert overteken av dei, mot at Sunde Brygge får deler av Kvinnherad Kommune si tomt på Nesjaneset. Dei vil restaurera bygningen, setja inn att vindauga og reparera kaien. Deretter vil dei bruka huset til ei samling av gjenstandar frå hermetikkindustrien. *Kraftverket* ved elva på Opsanger kan og verte ein del av senteret.

Dette kan verte del av ein kulturstreng på staden som kan vidareutviklast av andre og der andre element som Andor Tveits båtbyggeri i Bergslagen og handelstradisjonen kan få ein naturleg plass. Kystkultursenteret peiker sjølv på samarbeid med Fiskesteinen.

Det har komme framlegg om andre plasseringar av eit bygg for kystkultursenter, mellom anna Håkonshallen og Nesjaneset samt næringsområde i Opsangervågen. Det vil vera ei styrkje om kystkultursenteret vert etablert i eit eksisterande bygningsmiljø og får enkel tilgang til sjøen.




5.5 NÆRINGSUTVIKLING, TURISME

Store delar av strandsona har vore ein aktiv del av næringsgrunnlaget for innbyggjarane i Sunde. Bøndene har hatt naust med mindre båtar og reiskap. I tillegg til dei store verva vert det sett opp konstruksjonar i samband med bygging av båtar på dei einskilde gardane. Hermetikkindustrien var basert på sjøen med tilgang til kai. Også handel var knytt til sjø, med nærleik til dampskipskai og industri.

Det er desse aktivitetane som utgjør strandstaden Sunde. All vidare utvikling og utbygging må skje med tanke på å bevare desse særtrekka ved staden og forsterke dei heller enn å svekke dei. Det betyr ikkje at ein ikkje kan introdusere ny aktivitet på staden, men det må gjerast på rette måten. Turisme er ei næring i vekst i Sunnhordland. Om staden skal vera attraktiv for turisme er det naudsynt å utvikle andre tilbod i tillegg til overnattingsstadene. Staden i seg sjølv må vera interessant å vitja.

Den dominerande næringsverksemda på Sunde i dag er lakseslakteriet. Situasjonen kring denne er usikker, eigar har offentleg gjeve uttrykk for at det ikkje er drift på Sunde om 10 år. Elles er det lite næringsverksemd på Sunde. Ein har daglegvarebutikk og nokre mindre serviceverksemdar. Det er viktig at nyetableringar av service- og kontor verksemdar skjer nær sentrum av tettstaden. Det svekkar oppfattinga av tettstaden dersom næringsareal på gatenivå vert endra til bustader. Hytter i strandsona er heller ikkje ein god arealbruk i tettstaden. Arealkrevjande næring som lager og store utsal høyrer heime i større næringsområde på Opsanger.



6 VEGEN VIDARE

6.1 KVA ME VEIT OM FRAMTIDA

Over halvparten av sunnhordlendingane bur i dag i tettstader, rekna etter definisjonen som Statistisk sentralbyrå (SSB) nyttar. I SSB sine statistikkar vert alle stader med meir enn 200 innbyggjarar der husa ikkje ligg lenger frå kvarandre enn 50 meter rekna som tettstader.

Folketalet aukar i tettstadene, som er viktige for miljøet i bygdelaga og for å halde opp eit best mogeleg servicetilbod lokalt. Nye arbeidsplassar innafor tenesteyting og innfor kunnskapsindustrien vil ha andre lokaliseringkriteria enn verksemdene vi kjenner i dag innafor industri- og verkstad sektoren. Tettstadene kan vera aktuelle lokaliseringstader for nye arbeidsplassar.

Bustadmarknaden etterspør nye produkt med andre kvalitetar enn det ein finn i dagens bustadfelt med hovudsakleg einbustader. Tettstader lokalisert til fjorden kan her vera med å dekke eit behov for sjønære bustader med eit høgare servicetilbod i nærleiken og med tilgjengelege offentlege fellesareal som eit aktivium.

Tettstadene har og ofte kulturhistorisk verdiar i form av kulturminne eller anlegg som gjer dei interessante i reiselivssamanheng. Sjøtilkomst er derfor ein avgjerande faktor som vil kunne gjere tettstadene til viktige og interessante stoppestader i ei reiselivssatsing.

Tettstadene er og ofte senter i ei jordbruksbygd. Dei er derfor eit naturleg knutepunkt i ei satsing på gardsturisme ny næringsverksemd knytt til kultur- og naturlandskapet.

Mange er redde for at Sunde skal verta ein soveby for Husnes og Leirvik, og uvisse kring lakseslakteriet forsterkar dette. Difor er det avgjerande at ein kan sparka i gang ein prosess som gir ny vekst på staden. Bustadbygging aleine vil ikkje oppretthalde ein levande tettstad.

Det er omfattande planar på kultursida. Utviklinga av eit kystkultursenter vil setta tidlegare næringsverksemd og eksisterande kulturmiljø i ein samanheng.

Det er eit stort ynskje blant befolkninga på Sunde om å byggja nye hytter i strandsona og byggja om eksisterande naust til utleige eller fritidsbruk. Dette vil vera eit ledd i utviklinga av staden som turistmål. Den største utfordringa på staden i dag er truleg å finna gode rammer for denne utbygginga.

6.2 FJORDLANDSBYEN

I fylkesdelplan for Sunnhordland som er under utarbeiding vert omgrepet Fjordlandsby lansert som strategi for utvikling av tettstadene i regionen. Tettstadutvikling skal vera basert på eit konsept med ein strandstad eller fjordlandsby med hovudfokus på:

- Tilkomst til/frå sjø for tilreisande og fastbuande.
- Etablering av arbeidsplassar og bustader som styrkjer infrastrukturen (kollektivtransporten, eksisterande vegnett, utdanningsinstitusjonar, kulturtilbod mm)
- Mogeleg lokalisering av regionale anlegg for idrett og kultur.

Nøkkelen i dette konseptet er å etablere funksjonelle senter for service og handel som er lokalisert til eksisterande tettstader og trafikknutepunkt eller stader/anlegg med regionale funksjonar. Lokalisering av regionale anlegg og tenester kan styrkje grunnlaget for å utforme gode lokale sentra og møteplassar.

Det er utarbeida forslag til kriteria som skal oppfyllest om tettstaden skal kunne få status som fjordlandsby:


- Avgrensing av tettstaden med utgangspunkt i avstandar for gåande og syklande.
- Det må leggjast til rette for offentleg sjøtilkomst for innbyggjarane og tilreisande.
- Tettstaden skal liggje i tilknytning til riks- eller fylkesveg eller sentrale transportårer på sjøen.
- Tettstaden skal ha ein allmenning, offentleg uterom, knytt til sjøtilkomsten.
- Terminal for kollektivtransport på sjø eller land skal lokaliserast nær allmenningen.
- Tettstaden skal ha eit servicetilbod for sitt naturlege omland eller ha arbeidsplassar av annan karakter i eller i rimeleg avstand.

Framlegget til fylkesdelplan peiker på at det er få verkemiddel i dag som ein kan ta i bruk for å styrkje tettstadene som identitetspunkt og møteplassar. Det er behov for å utvikla nye verkemiddel. Kommunedelplaner som kan nyttast som grunnlag for handsaming av bygge- og delesaker vert nemnd som døme på dette.

6.3 UTVIKLINGSSTRATEGIER

6.3.1 Fritt fram

Grunneigarane kan byggje kor dei vil i strandsona og til dei formåla dei måtte ynskje.



Fordelar:
Grunneigarane får realisert verdiane i eigedomane. Det vert ikkje forskjellshandsaming av grunneigarar og dette kan gje større private investeringar. Gjev rom for aktuelle aktivitetar. Kan handsame byggjesaker utan plan

Ulemper:
Privatisering og nedbygging av store delar av strandsona vil svekke av opplevinga av tettstaden. Svekking av kvalitetane i kultur- og naturlandskap. Vanskelig å oppnå gode felles løysingar med omsyn til infrastruktur og offentlege areal fordi den offentlege styringa svekkast.

6.3.2 Me let fortida bestemta

Særs avgrensa utbygging i strandsona med strenge krav om tilpassing til eksisterande kulturmiljø og arealbruk.




Fordelar:
Tek vare på stadens historiske kvalitetar og særpreget til staden.

Ulemper:
Konserverande, gjev lite rom for utvikling og tilpassing til nye behov
Krev store offentlege investeringar
Grunneigarane kan i liten grad få dekkja sine behov / ynskje om utbygging

6.3.3 Strandstad for alle til alle tide

Styring av framtidig utbygging i strandsona gjennom bruk av reguleringsplanar der det takast heilskapelige omsyn.



Fordelar:
Oppfordrar til samordna løysingar for private og offentlege interesser gjennom styrt utbygging. Tillet utvikling utan at det øydelegg dei sentrale kvalitetane på staden og opnar for nye aktivitetar. Gjev forutsigbarhet og lik handsaming. Innbyggjarane får medverke gjennom planprosessar.

Ulemper:
Ikkje alle kan nytte sine eigedomar til utbygging. Forutset utbygging gjennom reguleringsplanar og kommunedelplan. Krev investering i eldre bygningsmasse som kanskje ikkje kan nyttast etter ønske.

7 TILRÅING

7.1 VIDARE PLANLEGGING


Me vil tilrå at ein gjennom aktiv bruk av reguleringsplanar og kommuneplan sikrar dei viktigaste kulturmiljøa i Sunde som område for bevaring av bygg og anlegg. Ein bør og vurdere om einskildbygg skal fredast i henhald til kulturminnelova.

Reguleringsplanar bør fastlegga arealbruken og gjennom byggegrenser og høgdekrav sette rammer for utnytting av området.

Ein skal legge vekt på å sikra det verdefulle kulturlandskapet mot utbygging og leggja til rette for naudsynt utbyggingsareal til bustad, fritids- og næringsformål.

Me har valt å ikkje bruka omgrepet hyttenaust, men heller hytter i strandsona fordi det er viktig å oppmuntra til utvikling av ein bygningstype som ikkje er "liksomnaust", men som har eit sjølvstendig uttrykk.


Det er nokre område som er særleg vanskelig å utnytte eller er sårbare for endringar. I disse områda er det særleg viktig å bruka reguleringsplan /utbyggingsplan eller meir detaljert kommunedelplan. Dette gjeld områda med særleg verdefulle kulturmiljø, der det er vanskeleg å løysa tilkomst og parkeringsforhold og der natur eller kulturlandskapet er sårbart eller særleg krevjande terrengmessig



7.2 UTVIKLINGSPRINSIPP

7.2.1 Tettstaden

- Gatestrekket frå Nesjaneset til avkøyrsla til oppvekstsenteret bør definerast som sentrum i strandstaden Sunde og bør omhandlast som ei "byggate". Eksisterande og nye bygg skal retta seg mot det offentlege rommet i gata og mot kai. Private uteareal skal ikkje hindra framkomsten og ein skal vende seg mot gate og kai. Ein bør søke å finne parkeringsløyser som ikkje hindrar gåande og syklande. Det er ikkje rom for fortau, men ein kan nytta andre måtar å markera gatelaupet, til dømes kantstein eller farga asphalt. Kai-areala skal i stor grad verte offentlege. Den andre sida av sundet, på Bjellandsida, må sjåast på som ein del av sentrum.
- Håkonshallen og lakseslakteriet har dimensjonar som er godt tilpassa staden. Desse tekniske kulturminna er med å definera strandstaden og store endringar av desse bygningane vil føre til at viktige historieforteljande element går tapt. Pipa er eit viktig element i gatemiljøet.
- Sikt mot sjøen frå gatene i sentrum er ein kvalitet, og viktige siktlinjer skal ikkje byggast igjen. Dette er særskild viktig i samband med utbygging på Nesjaneset. Sjøgløtt mellom husa frå vegen på oppsida er og viktig i samband med utbygging av hytter langs sjølina.



- Kai for større båtar i sentrum er viktig. Særleg i tilknytning til kystkultur dagar, torgdagar eller liknande er det viktig å ha offentleg kai som kan ta i mot større båtar som til dømes gamle kystbåtar. Det er generelt viktig å leggja til rette for båtar i sentrum langs kaier og i tilknytning sjøhus og naust fordi båtane høyrar heime i biletet av strandstaden.
- Båtbyggeriet i Bergslagen er ein sær sars verdefull del av strandstaden. Det er den einaste levande handverksverksemda som er att på staden.
- Stiftinga Kystkultursenteret har planar som opnar for å ta i bruk og sjå på heile strandstaden som eit levande kulturmiljø. I fyrste omgang peikar Håkonshallen seg ut som ei interessant lokalisering fordi det ligg sentralt og nær det gamle naustemiljøet. På sikt vil ei etablering i Skreddarvika gje moglegheit for fleire typar sjønære aktivitetar. Båtbyggeriartradisjonen kan ivaretakast i Andor Tveitts anlegg eller i Opsanger. Dei viktigaste aktivitetane bør liggje innafor gangavstand frå sentrum. Det er ikkje tradisjon for kaianlegg som ikkje har tilknytning til bygg på Sunde og det grønne draget mellom Skreddarvika og Fiskesteinen bør i liten grad rørast. Me vil tilrå at ein mindre gangveg vert hengt i fjellsida for å betre sambandet mellom Fiskesteinen og eit framtidig kystkultursenter i Skreddarvika.

7.2.2 Strandsona

- Ein stor del av strandsona i Sunde er heilt eller delvis utbygd. Det er ikkje behov for store areal til utbygging på staden. Behovet kan dekkast innafor allereie utbygd område og den

delen av strandsona som ikkje er utbygd skal ikkje utnyttast utan i særlege tilfelle.

- Ein strandpromenade gjev verdefull tilgang til sjøen for allmenta, men det er ikkje naudsynt med lange samanhengande kaianlegg for å sikre desse kvalitetane. Strandstaden er kombinasjonen av den tronge gata, hopane mellom naust og sjøhus og kaiane. Sjøhus og naust med fasadar som går rett i sjøen er ein viktig karakteristikk ved staden og representerar den opphavlege måten å retta seg til sjøen på. Desse særtrekka må ivaretakast for å gje ei meningsfull og variert vandring gjennom strandstaden.
- Utvikling av ein samanhengande turveg/strandpromenade kring Sundsvågen og inn til Opsanger skal inngå som ein del av planlegginga i nye utbyggingsprosjekter.
- I diskusjonen omkring utbygging av hytter i strandsona er det fleire omsyn som må vurderast. Bustader, anten det er heilårsbustad eller hytte vil privatisera strandsona i større grad enn tradisjonelle naust og sjøhus. Det vert behov for private uterom mot sjøen og mot landsida. Det vert større behov for parkering, og denne skal ofte være nær bygningen. Hytter i strandsona bør difor berre tillastast på Bjellandsida innafor sentrumsområdet.
- Ved revidering av kommunedelsplan og reguleringsplanar bør ein vurderast å setja av areal til ordinær hyttebygging framfor hytter i strandsona. Konsentrert hyttebygging nær sjøen kan vera ei betre arealutnytting som kan gje gode løysingar på tilkomst og parkering.

Gardsturisme kan og vera ein måte å avlaste strandsona.

7.2.3 Grøntstruktur

- Overordna planlegging skal legge til rette for sikring av grønstruktur og tilgang til sjølina for allmenta.
- Eksisterande bustadområde, friområde, tilgjengelege LNF-område, parkar og leikeplassar skal bindast saman med gode og trygge turveggar. I samband med utbygging av bustader i Sundemarka skal nye turveggar leggjast i grønne korridorar som knytter eksisterande og nye bustadområde til marka og åsen i nord. Området kring tjernet i Sundemarka skal ikkje byggast ned, men liggje som del av eit grøntdrag som er tilgjengeleg frå nye og eksisterande bustadområde. Sambandet mellom Sundsvågen og Sundemarka skal ein eller fleire stader sikrast gjennom eit regulert grøntdrag som bind saman åsen og fjorden.
- Ved utbygging i Sundemarka skal det takast særskild omsyn til fjernverknad og inngrep i silhouettlina sett frå sjøen. Utbygginga bør skje etter ein samordna plan der minimalisering av terrenginngrep og bevaring av eksisterande vegetasjon er viktige tema.

7.2.4 Veg og parkering

- Vegane vert opplevd som problematiske, med lange strekningar utan fortau og vanskelige tilhøve i sentrum med tungtransport og smale gaterom. Ved å leggja til rette for samanhengande gangveggar langs strandlinja utanfor sentrum vil dei gåande og syklende få eit eige nettverk å ta seg fram på.

- Ved opprusting av sentrumsgata bør ein markere at dette er eit særst smalt byrom der trafikken må ta seg fram på dei mjuke trafikkantane sine premissar.
- Ein må vurdere skulevegane og særskild der denne kryssar fylkesvegen.
- Gode parkeringsløyisingar er ei stor utfordring av di det er lite og til dels bratte areal mellom sjø og veg. Tilkomst og parkering bør difor omhandlast i ei eige plan og takast særleg omsyn til i reguleringsplanar og/eller byggjesaker.

7.3 FRAMLEGG TIL RETNINGSLINER

- Innafor område som skal vurderast som bevaringsområde kan det ikkje settast i verk tiltak utan etter reguleringsplan.
- Det bør leggjast ned bygge- og deleforbud for desse områda inntil det føreligg ein plan
- Ved fortetting der det ikkje er plankrav skal det utarbeidast ein høgdesett situasjonsplan som viser bygg, uteoppshaldsareal, tilkomst, parkering og terrenngrep.
- Det skal ikkje byggjast meir enn 3 samanhengande naust i rekkje utanfor sentrumsområdet.
- Hytter i strandsona skal ha ei formgjeving som skil dei ut frå naustmiljøa på staden. Dei skal likevel forhalde seg til dei verdifulle kulturmiljøa på staden med respekt.
- I tettstaden skal ein søke å gje nye og eksisterande bygningar næringsverksemd med tilkomst frå gate- og sjøsida på første planet.
- I samband med utbygging på Nesjaneset skal det leggjast til rette for ein offentlig plass og

- kai og siktforholda frå veg til sjøen skal ivaretakast.
- Ved all utbygging og regulering i strandsona må omsynet til allmenta sitt behov for tilgang til sjøen vurderast.
 - Småbåthamna skal ved vidare utviding opparbeide uteareala med betre skile mellom parkering/opplagsplass og uteoppshaldsareal
 - Ved påbygging av klubbhuset ved småbåthamna skal det opparbeidast eit eige uteoppshaldsareal i tilknytning til bustadene.
 - Det skal ikkje tillatast flateparkering i større anlegg i strandsona.
 - Det skal ikkje etablerast større brygger eller samanhengande gangareal foran eksisterande naustemiljø
 - Ombygging av eksisterande naust til bustad bør vurderast i plansamheng. Det er ikkje tillate å omdisponera naust innafor bevaringsområde til hytte eller bustad.
 - Ved etablering av naust, bustader eller hytter må tilfredsstillande tilkomst og parkeringsdekning etablerast
 - Nye bygningar skal ikkje vera høgare eller ha vesentleg større grunnflate enn omkringliggjande bygnader om dette ikkje er heimla i reguleringsplan.
 - Hytter i strandsona skal ha maksimalt 10 m² privat uteareal og minimalt med terrenngrep.
 - Det skal ikkje vera parkering i første etasje av bygg i strandsona.
 - Parkeringsdekning:
Det skal vera:
1,5 plass per bustad i strandsona
1 biloppstillingsplass per hytteeining
0,5 biloppstillingsplass per naust/båtplass
Ved utbygging av næringsareal skal behovet vurderast særskild.

7.4 OPPSUMMERING

Strandstaden Sunde består enkelt sagt av tre element:

- Sentrumsgata
- Naustemiljøa langs Opsangervågen og Sundsvågen
- Kulturlandskapet knytt til landbruket.

All vidare utbygging må forhalda seg til desse kulturmiljøa.

Sunde har på grunn av si historie eit eineståande utgangspunkt for å vidareutvikla strandstaden og gje kystkultursenteret ein plass i eit levande kulturmiljø.

Kystkultursenteret er ein syntese av dei einkilde bygningane og det kulturmiljøet det er ein del av. Skal kystkultursenteret ha meining over tid må difor kulturmiljøet takast vare på og all utbygging må skje med dette som styrande kriteria.

Kilde

SEFRAK registreringar frå Sunde, 1981

Kulturhistorisk vegbok

Bygdebok for Kvinnherad

Melding om kulturminnevernet i Kvinnherad
kommune, 1987

Skisse til fylkesdelplan for Sunnhordland

Utkast til kommunedelplan trafikksikring, 2001

Gjeldande kommunedelplan for Husnesområdet

Gjeldande reguleringsplan for Sunde

Grunnkart og flyfoto

Merknader til varsel om oppstart av arbeidet med

Stadanalysen

Folkemøte 12. mai 2004

Me takkar for velvillig bistand frå einskildpersonar,
lag og organisasjonar på Sunde.

Bergen 15.09.04

Torhild Wiklund

Asplan Viak Bergen AS